

## Interessant om uskedelingar i Kvinnhersminne XVII

14.10.2015



Klara Døssland(98 år i morgen) sytte for hus, born og gard medan mannen var på sjøen.

**Kvinnherad sogelag er ute med årbok nummer 17, og det er ei svært så innhaldsrik og interessann bok. Hovudtemaet dette året er sjølivet og det som følgjer med når ein reiser ut i den store verda. Fjorten kvinnheringar fortel om korleis det var å reisa ut første gongen. To av artiklane handlar om uskedelingane Klara Døssland og Einar Pile.**

Mannen til Klara, Peder Døssland, var sjømann i mange år, og vi kan lesa om korleis Klara fekk røyna vestlandsk gardsbruk og å fostra opp dei tre jentene deira medan Peder var ute på sjøen i lange periodar. Det var heilt sikkert mykje slit og ingen dans på roser, men Klara har eit positivt livssyn, og klagar ikkje. Ho trur slitet har hjelpt til å halda ho sprek, og eg trur ho på det. Det er ikkje så mange ára sidan ho sykla frå Heio til bygdars for å handla, og i morgen fyller denne spreke og humørfylte dama 98 år.



Einar Pile(snart 82 år) har ei svært interessant karriere på sjøen bak seg.

Einar Pile har eit langt og opplevingsrikt sjømannsliv bak seg. Etter ein start med læretid på skuleskipet 'Gann', fekk han sin første tur i utanrikssfart med MS 'Fernland' før han fekk ei lang fartstid i Mowinckel sitt reiarlag. Vidare hadde han ei lang karriere som maskinist og maskinsjef på RCCL sine cruisebåtar i Karibia. Den lengste tida var han om bord på 'Song of Norway'.

Begge dei interessante artiklane om desse to uskedelingane er ført i pennen av Audun Eik og Lars Jostein Røyrvik.

I tillegg til desse to historiene er det svært mykje godt lesestoff knytta til sjølivet. Innimellom dette kan vi lesa om handelstaden Dimmelsvik. Også livet på tønnefabrikken der er godt dekka. Dette er levande fortalt av Kari Fedt Haugsbakk.

Eg anbefaler sterkt dette bindet av Kvinnhersminne som har fått tittelen **Førstereis**. Dette er god og viktig lokal kulturhistorie. Både denne og tidlegare bind av Kvinnhersminne er å få kjøpt hos bokhandlarane, Rosendal Bokhandel og Kvinnherad Libris, Husnes.

Meir stoff både om sogebøkene og anna finn de på heimesida til Kvinnherad Sogelag, [www.kvinnheradsogelag.no](http://www.kvinnheradsogelag.no).

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.